


Årsmelding

Ytre Arna sokn
2021



Årsmelding for Ytre Arna sokneråd 2021

Vedlegg

Årsmelding frå:

- Konfirmantarbeidet
- Trusopplæringsarbeidet
- Diakonimedarbeidar Marianne Hjortland
- Arna og Ytre Arna kyrkjekor
- Felles kyrkjelydsblad for Arna og Åsane
- Årsstatistikk for 2021

Soknerådet

Medlemmer

Jorunn Haukås (leiar), Hilde Kvinge Rannestad (nestleiar), Helge Bognøy, Thor Kalland, Marianne Vevle Hjortland, Jan Olav Lien Hansen og Ingvar Fløysvik

Varamedlemmer

Anita Merethe Brattaule Frekhaug, John Skartveit, Rozalie Hadhazi, Monica Kversøy Fagermo (permisjon) og Svanhild Mari Strømsnes Birkeland.

Totalt har det vore 9 soknerådsmøte og 1 soknemøte i 2021.

Tilsette

| | | |
|---|--------------------|------------------------------------|
| Sokneprest | Ingvar Fløysvik | 100% stilling |
| Organist | Jørn Skauge | 50% stilling |
| <i>(Jørn Skauge har permisjon i 15% av stillinga t.o.m. juni 2022. Bjørn har 15 % der han dirigerer Ytre Arna Vokal.)</i> | | |
| Kyrkjemusikar | Anita Frekhaug | engasjement |
| Administrasjonsleiar | Benthe Vevle | 50 % stilling t.o.m. august |
| Medarbeidarkoordinator | Benthe Vevle | 30 % stilling t.o.m. august |
| Administrasjonsleiar | Benthe Vevle | 60 % stilling frå september |
| Diakonimedarbeidar | Marianne Hjortland | 25 % stilling |
| Trusopplærer | Marianne Hjortland | 30 % stilling |
| Vikar-styrar i Noa | Marianne Hjortland | 45 % stilling fram til 1. oktober. |
| Styrar i Noa open barnehage | Møyfrid Opheim | 50% stilling frå 1. oktober. |
| Reinhald i Noa | Møyfrid Opheim | 08% stilling |
| Reinhald i kyrkjelydshuset | Synne Hjortland | timebasert |
| Kyrkjetenar | Monica Ohr | 50 % stilling |
| Kyrkjetenarvikar | Jan Olav Hansen | |
| Kyrkjetenarvikar | Synne Hjortland | |

Barne og ungdomsarbeid

Trusopplæring

Årsmelding vedlagt.

Noa open barnehage

Irene Liseth har hatt permisjon frå sin stilling som styrar i Noa open barnehage. Ho slutta i stillinga i Noa, juni -21, etter mange års god innsats. Ytre Arna sokneråd er takksam for det arbeidet ho la ned i Noa open barnehage.

Marianne Hjortland var fungerande styrar i Noa frå januar t.o.m. september.

Møyfrid Opheim vart tilsett som ny styrar i Noa frå 1. oktober. Marianne har 20% som assistent i Noa. Marianne og Møyfrid er eit godt team med målsetjing å få eit stabilt miljø etter to år med mykje uro/ustabilitet pga. korona.

Program:

- Samlingsstund / babysong
- Open leik
- Felles lunsj

Våren-21 vart mykje brukt til å gå på tur i nærområdet med varm kakao og kaffi.

Hausten – 21 har dei måla og baka nokre gonger i tillegg til dei faste aktivitetane. Til jul var dei på julevandring i kyrkja.

Barnehage og kyrkjesamarbeid.

Alle barnehagane i Ytre Arna vart inviterte til julevandring i kyrkja.

Sætre barnehagen var på vandring med ei av avdelingane sine, og Festtangen barnehage hadde vandring i Arna kyrkje med staben frå Ytre Arna.

Skule- og kyrkjesamarbeid

Skulen var invitert til julegudsteneste. Det vart avtalt ein skulevandring i kyrkja. Denne vart avlyst p.g.a. mykje smitte i skulen.

Vandring gjennom Bibelen

Dette er eit undervisningsopplegg for 5-klassingar. Vandring gjennom Bibelen for barn er eit undervisningsopplegg utarbeidd av Det Norske Bibelselskap. Kurset går over 4 skuletimar. Kurset er eit samarbeid mellom kyrkja og skulane.

Kurshaldar på bibelvandringa er Ingvar Fløysvik.

I 2021 gjekk vandringa ut p.g.a. korona.

Konfirmantarbeidet

Årsmelding vedlagt.

Nemnder og utval

Diakoniutvalet

Det er ikkje diakoniutval i kyrkjelyden for tida. Kyrkjelyden har likevel ein god del aktivitetar som har diakoni i seg, så som: open barnehage, minnedag for etterlatne, kjøkkenteneste på klubben for utviklingshemma i Arna kyrkjelydshus.

Marit Bjørsvik har slutta i stillinga som diakon i Ytre Arna. Bergen Kirkelige Fellestråd arbeider med å få tilsett ny diakon i Ytre Arna.

Diakonimedarbeidar Marianne Hjortland.

Årsmelding vedlagt.

Husstyret

Helge Bognøy (leiar), Tor Oddvar Holmefjord, Thor Kalland, Jan Olav Hansen, Alise Bjørnstad og Jorunn Haukås.

Husstyret har i år:

- Gjennomgang av branntryggleiken og testa røykvarslarar.
- Innkjøpsansvarleg (forbruksartiklar)
- Reingjer /støvsugar varmpumpa kvar månad.
- Ordna uteområdet
- Dette året har Helge og Jan Olav i tillegg til det faste arbeida mykje med vedlikehald, elektrisk og målearbeid. Tusen takk 😊

Kyrkjelydshuset

Huset vert nytta mykje til konfirmantarbeid, diverse møte i sokneråd og andre utval. Det vert brukt til festar og andre arrangement. Det vert nytta til utleige ved dåp og gravferd. Noa open barnehage har vore i kyrkjelydshuset sidan 2009.

Ytre Arna sanitetsforeining leiger huset til sine samlingar.

Leigeinntekter til kyrkjelydshuset i 2021 er kr 196 100.

Sigurd Djønne gjer undersøkingar for å finna ut om det er råd å gjera dei to øvste høgdene i kyrkjelydshuset om til husvære.

Cellegrupper

Saman med indremisjonslaga på dei to bedehusa i soknet har kyrkjelyden 5 cellegrupper/bibelgrupper. To av dei plar samlast annakvar veke, dei andre fire-fem gonger i halvåret. Me har hatt ein temaserie kvart halvår der nokre av samlingane er temagudstenester i kyrkja, nokre temasamlingar på bedehusa. Dette har me i fyrste omgang valt å ikkje halda fram med. I staden vart det bestemt at me saman vil ha ein serie bibeltimar kvart halvår, men avgjerda kom for seint til at dei kunne koma i gang i 2021. Mange gruppesamlingar vart avlyste på grunn av koronasituasjonen. I fleire av gruppene var det ikkje aktivitet våren 2021, men nokre grupper kom i gang att utover hausten. Nokre av gruppene samtalar no om teksten for sundagen etter samlinga.

Gudstenester

Dette året òg har gudstenestelivet vore prega av koronarestriksjonane. Året byrja med stengde kyrkjer. I dei to fyrste månadene var ingen ordinære gudstenester, søndag 7. februar hadde me to korte nattverdsgudstenester der me ikkje hadde lov å ta imot meir enn ti til kvar gudsteneste. I påska hadde me open kyrkje med høve til nattverd skjærtorsdag og langfredag og ei kort dåpsgudsteneste påskedag. Elles hadde me ulike slag restriksjonar heile våren og sommaren og på slutten av året. I tider me ikkje kunne ha ordinære gudstenester, hadde me digitale preiker eller gudstenester, til saman 10. Me har hatt forsongarar på dei fleste gudstenestene. Ytre Arna vokal og Ytre Arna barnevokal har vore med oss på fleire gudstenester. Me innførte ny liturgi med musikk frå allmenn serie 2 og andre endringar frå nyttår, i praksis eit par månader seinare sidan dei fyrste gudstenestene vart avlyste.

Born fødde i 2014 fekk «Mi kyrkjebok» for seksåringar noko forseinka på ei eiga gudsteneste i mars, og så fekk både fire- og seksåringar «Mi kyrkjebok» på ei

gudsteneste i september. Samtalegudstenesta vart gjord om til «vanleg» gudsteneste på grunn av grensa for kor mange me fekk lov å ta imot, og konfirmasjonsgudsteneste vart utsette til august. I år fekk me gjennomføra lysmessa som normalt. LysVaken måtte gå ut, men me hadde ei gudsteneste for små og store 2. søndag i advent. Me hadde ingen temagudstenester i 2021. Dåp vart gjennomførte i eigne gudstenester. To konfirmantar vart døypte med neddykking – til det lånte me bassenget til Arna misjonskirke.

Me har prøvd å ha søndagsskule i samband med gudstenestene når det ikkje er gudsteneste for små og store, men har i år hatt nokre avlysingar. I tillegg er det søndagsskule skiftevis på dei to bedehusa i soknet dei søndagane det ikkje er gudsteneste – i samband med søndagssamlingane der.

Det gjennomsnittlege frammøtet på gudstenestene har naturleg nok vore mykje lågt i år òg. Grunnane er dei same som i 2020: Tak på frammøtet, at dåpsgudstenestene er med i reknestykket, og at somme er redde for å samlast på grunn av smittefaren. Talet på døypte har vore lågt dette året, anten me reknar dei som er døypte i Ytre Arna kyrkje, her er talet 9, medrekna dei to me lånte basseng for, eller me tel døypte som er heimehøyrande i soknet.

| | gudstenester | deltakarar | konfirmerte | Døypte* |
|-------------|---------------------|-------------------|--------------------|----------------|
| 2017 | 33 | gj. 78 | 20 | 17 |
| 2018 | 32 | gj. 84 | 34 | 17 |
| 2019 | 30 | gj.78 | 25 | 16 |
| 2020 | 33 | gj. 45 | 20 | 11 |
| 2021 | 46 | gj.29 | 12 | 7 |

* Talet gjeld døypte busette i Ytre Arna sokn

Kyrkjemusikk

Jørn Skauge har ansvar for forsongartenesta.

Han hadde eit møte med dei i haust. Han arbeider vidare med å styrkja denne teneste.

Ytre Arna Vokal

Bjørn Bergmann dirigerer koret.

Koret har øving kvar torsdag frå kl. 19:00

«Dessverre ble det mye avlyst.

Gudstjenestene gikk sin gang, og vi stilte som kor/gruppe på dem vi var satt opp på.

Sommer konserten ble avlyst!

Julekonserten ble avlyst!

Vi var ca. 16 sangere i 2021. På grunn av corona-restriksjoner har det vært dårlig med oppmøte på både korøvinger og oppdrag. Men vi har klart å holde oss oppe. Nå prøver vi å se fremover mot lysere tider, og færre restriksjoner. Vi ønsker at 2022 blir et normalt år så godt det lar seg gjøre.

Mvh Anita Frekhaug»

Arna og Ytre Arna kyrkjekor-Årsmelding vedlagt.

Ytre Arna barnevokal

«Året 2021 ble ikke et bra år for barnekor og barneaktiviteter. Det var mye smitte på skoler, noe som gjorde at øvinger og opptredener ikke fungerte som ønsket. Konserter med Bjarte Leithaug og Jarle Waldemar ble avlyst. Men nå planlegger vi en ny med Bjarte Leithaug i Arna kirke 30.april. Vi håper at den blir gjennomført. Det har vært 8-10 jenter i barnevokal dette året. Vi har også hatt ekstraøving utover vanlig øvingstid med de største. De er veldig glade i å synge. De minste, opp til 4.klasse går på Ving kl.18, så da får de største øve litt ekstra frem til kl.18.30. Dette er et ønske fra jentene. Vi er også heldige som har fått hatt noen konfirmanter som medhjelpere. Noen av dem har sunget i barnekoret tidligere når de var yngre. De synes også at det var gøy å få synge igjen. Vi håper at året 2022 blir et fint år for kor og sang. Myh Anita Frekhaug»

Anita Frekhaug er dirigent for Ytre Arna barnevokal.



Misjon, evangelisering

Ytre Arna sitt misjonsprosjekt er: China Lutheran Seminary
Kyrkjelyden sendte 16 500 kr til misjonsprosjektet i 2021.



中華信義神學院

China Lutheran Seminary

30080 新竹市東區大學路51巷11號 Tel:09-5710023 Fax:09-5726425
#11, Lane 51, Tahsueh Rd., Hsinchu, 300, Taiwan, R.O.C.



No. 1110007

財團法人基督教中華信義神學基金會
China Lutheran Theological Foundation, Inc.
法人登記證書登記簿第九冊第二九頁第二〇二號
統一編號: 98273406 郵政劃撥: 0112188-1

茲收到: Ytre Arna Sokn
Received From _____
金額: 1858.41
Amount _____
項目: USD 1,858.41 擴建經費 0.00
For _____ Campus Development _____
日期: 03-Jan-22 經手人: 李育靜
Date _____ Received By _____
備註: _____
Note _____

本收據可供您作綜合所得稅列舉扣除抵減之用。

Kyrkjelydsbladet/informasjonsarbeid

Kyrkjelydsbladet har kome ut med 5 nummer i 2021.

Bladet vert delt ut til alle husstandar i kyrkjelyden.

Redaktør er Magne Fonn Hafskor.

Lokal redaksjonsnemnd er Tor Oddvar Holmefjord og Ingvar Fløysvik.

Frå 1. januar -22 har Arna og Ytre Arna trekt seg frå arbeidet med felles kyrkjelydsblad. Det vert eit felles blad for Arna og Ytre Arna som kjem ut i 2022.

Årsmelding vedlagt.

Tilhøvet til kommunen, fellesrådet

Thor Kalland er soknerådet sin representant i Bergen Kirkelige fellesråd.

Jorunn Haukås er vararepresentant. Kyrkjevevje Asbjørn Vilkenen gjekk av som pensjonist 1. oktober 2021. Mette Svanes er tilsett som ny kyrkjevevje i Bergen Kirkelige Fellesråd.

Økonomisituasjonen

Soknerådet er takksame for alle som har støtta opp om kyrkjelyden økonomisk.

Dei soknerådet har inngått avtale om tenester med, har fått utbetalt det som vart avtalt, sjølv om ein del av arrangementa har utgått pga. korona.

Ein økonomisk utfordring framover er høg straumpris. Faktura frå desember var på 13 000 kr.

Rekneskap ligg ved.

Årsstatistikk for kyrkjelyden

Årsstatistikken ligg ved.

Årsmelding frå konfirmantarbeidet i Ytre Arna 2021

Våren 2021 var det 12 konfirmantar som førebudde seg til konfirmasjon.

Hausten 2021 har me hatt 22 innskrivne konfirmantar. I tillegg får éin konfirmant undervisning i Notodden, men vil bli konfirmert hjå oss.

Nokre viktige datoar i 2021:

| | |
|-------------------|------------------------------------|
| 22. og 28. august | Konfirmasjon |
| 29. august | Konfirmantpresentasjon |
| 29. - 31. oktober | Konfirmanthelg på Fjon fjellkyrkje |
| 5. desember | Lysmesse. |

Konfirmantleiarar våren 2021:

Anita Brattaule Frekhaug, Øystein Waagbø, Sigurd Lian,, Linéa Eide Landøy, Anne-Lise Schelander, Aleksander Helming, Marianne Vevle Hjortland og Ingvar Fløysvik. På kjøkkenet: Jan Olav Hansen og Linda Kalsås.

Leiarar hausten 2021:

Anita Brattaule Frekhaug, Øystein Waagbø, Sigurd Lian, Eline H. Hjellum, Marianne Vevle Hjortland og Ingvar Fløysvik. Me er heldige som har hatt fleire stabile leiarar over mange år. I tillegg var Elina Riise med på konfirmanthelga. Astrid Husdal har hatt undervisninga på ein av undervisningskveldane i vår og éin i haust. På kjøkkenet dei stabile: Jan Olav Hansen og Linda Kalsås.

I mange år har Ungdoms Alpha-kurset lege til grunn for undervisninga, med tillegg av nokre emne som må vera med i konfirmantundervisninga i Den norske kyrkja. Men i vår la tre av leiarane fram for soknerådet eit framlegg om å gå over til Tentro (med dei tillegg og tilpassingane me treng). Dette var soknerådet samde i, så frå i haust har me lagt dette opplegget til grunn. Opplegget på undervisningskveldane vart likevel det same vår og haust: Me møttest annakvar onsdag, fyrst til undervisning i kyrkjelydshuset. Me har variert på kven som har undervisninga. Deretter gjekk me i grupper, i vår hadde me to grupper, i haust tre. Så har me avslutta med mat i kyrkjelydshuset. Konfirmantane skal òg vera med på minst åtte gudstenester i løpet av konfirmantåret. Òg i år har konfirmanttida vore noko prega av koronapandemien. Bøsseinnsamlinga i samband med Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp laut gå ut. Me prøvde oss med ein digital aksjon, men lukkast berre måteleg. Konfirmasjonane, som var planlagde i overgangen april-mai, vart utsette til august. Me har samlast digitalt éin gong og har avlyst eit par samlingar.

Konfirmantane deltek vidare i aktivitetsgrupper knytte til barne- og ungdomsarbeidet i Ytre Arna: I haust har dei vore hjelpeleiarar i sundagsskulen på bedehusa, Ytre Arna Ving og i T & T på Ytre Arna bedehus og i Ytre Arna barnevokal. Resten har vore med på tysdagskaféen i Kyrkjelydshuset, eit lågterskeltilbod for folk i alle aldersgrupper.

Alle konfirmantane (i grupper på tre) får oppgåver på to gudstenester i året, til dømes lesa tekst, assistera ved dåp, ynskja velkomen i døra, køyra lysbiletepresentasjon osv. Alle konfirmantane har vore med på lysmessa.

Samtalegudstenesta legg vekt på deltaking og ikkje overhøyring. Konfirmantane leverer i staden eit 4-siders skriftleg arbeid der dei skriv om spørsmål knytte til emna me har arbeidd med gjennom året. Heller ikkje i år var det råd å ha samtalegudsteneste.

Konfirmanthelga er ein viktig del av konfirmantopplegget. Då me skulle tinga plass, var det uvisst korleis det ville gå med Wallemtnet der me i alle år har vore. Difor vart helga på Fjon fjellstove i år. Det vart litt improvisering – med leiarar på gangar og garderober. Me leiarane gjorde ein kjempejobb med å leggja til rette, og me fekk ei fin helg. Opplegget var det same som tidlegare år, men emna var andre – tilpassa det nye konfirmantopplegget.

Konfirmantarbeidet er eit viktig arbeid der me får rikeleg høve til å så Guds ord i unge hjarte.

Ingvar Fløysvik

ÅRSMELDING FOR TRUSOPPLÆRINGA I YTRE ARNA - 2021

Vi har i 2021 framleis vore ramma av korona, og 2021 har vore eit annleis år i trusopplæringa. Ein del av tiltaka har vorte avlyst, og nokre tiltak har vorte endra. I år har det vore eit stort fokus på korleis gjennomføra tiltak på ein god måte med smittevern.

Dåpskontaktar

Grunna korona hadde vi ikkje dåpskontaktsamling i år. Eg laga til dåpsgåvene som eg gav vidare til dåpskontaktane i byrjinga av året.

Dåpskontaktane har ansvar for å dela ut desse gåvene.

3-åringane får invitasjon til krøllesamling.

Barnesong

I år har vi hatt færre samlingar med barnesong i Noa. Vi har likavel hatt barnesong jevnleg.

Utdeling av 4- og 6-årsbok

Vi har hatt utdeling av 6-årsbok på familiegudsteneste i februar (for fjorårets 6-åringar). på hausten hadde vi utdeling av 4-årsboka og 6-årsboka på same gudsteneste.

Dette var ei flott gudsteneste der barna var i fokus både under preika og gjennom val av songar. Ytre Arna Barnevokal var med og song.

Samling for 5-åringar

Det var i år planlagt samling med Bjarte Leithaug. Denne vart atter ein gong avlyst grunna korona.

LysVaken

Vi planla LysVaken i år, men då smittetala på Ytre Arna skule auka i november så måtte vi avlysa tiltaket i år.

24 hours festival

Vi har hatt ein del planleggingsmøte saman med Indre Arna kyrkje og alle bedehusa og misjonsmenigheta i heile Arna. Vi planla ein annleis festival utan overnatting. Men grunna korona så måtte vi avlysa tiltaket i år.

Krøllesamling

Vi hadde ein flott krøllesamling i mai. 11 stk 3-åringar kom, og vi var rundt 30 personar totalt med både barn og vaksne.

Barna fekk høyra historien om lammet som vart borte, vi fekk besøk av to levande lam og vi grillar pølser.



Tweensamling har vi ennå ikkje starta opp med.



Julevandring

Grunna korona hadde vi færre grupper på julevandring. Det kom ei gruppe frå Festtangen barnehage, ei gruppe frå Sætrebarnehagen og ei gruppe frå Noa open barnehage.

Julespel

Vi hadde i år julespel for fyste gong. Dette i samarbeid med Arna kyrkje og Arna Misjonsmenighet. Dette vart kjempegøy. Det var rundt 60 personar som deltok. Nokre skodespelarar, nokre songarar, nokre med ansvar for kostymer, nokre som laga mat, og mange fleire.

Vi håpar å få med fleire frivillige frå Ytre Arna om det vert ein neste gong, då det vart veldig mykje arbeid på dei som stilte opp.

Vi har hatt eit annleis trusopplæringsår, men satsar på å få til endå fleire tiltak og betre oppmøte i 2022.

Trusopplærer i Ytre Arna


Marianne Hjortland

ÅRSMELDING FOR DIAKONIMEDARBEIDAR I YTRE ARNA 2022

Stillinga som 20% diakonmedarbeidar vart oppretta 1. september 2013. I august 2014 vart stillinga oppjustert til 50%. Frå 1. januar 2014 vart det tilsett ein diakon i 25% stilling, og då gjekk eg ned i 25% diakonmedarbeidarstilling. Etter ynske frå fleire i kyrkjelyden vart det avgjort at stillinga i hovudsak skulle rettast mot ungdomsarbeidet i Ytre Arna, og då særskild inn mot «sårbar» ungdom.

I år har eg delteke i konfirmantarbeidet i Ytre Arna. Eg har delteke i Noa open barnehage. Eg har hatt samtalar med personar i sorg eller annan form for krise, eg har bedt for dei som har ynskt forbøn, eg har hatt faste samtaler med ei jente med vansker, ein ung mann og ei ung dame i depresjon og eg har bidrege med praktisk hjelp der det har vore behov.

Eg har ansvar for ein fredagskafé som er meint å vere ein samlingsplass for vaksne (15+) som ynskjer å koma saman. Her kan vi strikka, spele brettspel, spele tv-spel, laga mat saman m.m.



Konfirmantarbeid:

I år har det framleis vore ei litt annleis konfirmanttid grunna korona. Ein del av undervisningane måtte gjerast digitalt, men leiren vart i år gjennomført.

I utgangspunktet ynskjer eg å vere overflødig i konfirmantundervisninga, for å kunne vere der for ungdom som treng litt ekstra vaksenkontakt eller nokon å snakka med. Vi har i år fleire sårbare konfirmantar av diverse årsaker.

Eg har tatt på meg å fast ha ansvar for undervisninga to gonger i året.

Noa open barnehage:

I Noa har eg hatt samtalar med born og vaksne. I Noa møter eg nokre av de svake familiene som bur i Ytre Arna, og her legg eg eit godt grunnlag for vidare arbeid. I år har eg spesielt ivaretatt to sårbare familiar. I tillegg har vi hatt med oss ei jente som frivillig medarbeidar medan ho var sjukemeld frå praksisen sin som barne- og ungdomsarbeidar.

Samtale, forbøn og praktisk hjelp

Som diakonimedarbeidar har eg kunna hjelpa born, unge og vaksne med ulike behov. Nokre har vore i sorg, nokre har hatt ein vanskeleg familiesituasjon, nokre har hatt behov for praktisk hjelp, nokre har hatt spørsmål om tru og tvil og nokre har ynskt forbøn.

Har i vår hatt samtaler med ei jente med psykiske vansker, og hatt faste samtaler med ein ung mann og ei ung dame i depresjon. Har ytt praktisk hjelp og hatt samtaler med ei ung dame som er einsam.

Fredagskafé

Fredagskaféen i Ytre Arna er open annankvar fredag kl 18-20. Her er alle velkomen. Dette er meint å vere ein møtestad for alle, men kanskje spesielt for dei som er einsame og treng ein

møtestad.

I år har det framleis vert eit annleis år grunna korona. Vi har nokre gongar måtta stengja i korte periodar grunna sjukdom. Vi har i år med oss 12 konfirmantar. Dei gongane vi har vore open har det stor sett vore i gjennomsnitt 8 konfirmantar og 5 vaksne tilstades på kaféen.

Vi ynskjer at 2022 skal verta eit betre år der endå fleire skal kunna ta dette tilbodet i bruk.



Ope kontor

Kvar onsdag har vi ope kontor. Her kan folk komme og få seg ein kaffikopp og ein prat.

Avslutning:

Året 2022 har vore nok eit annleis år.

Grunna koronaviruset har ein del av diakoniarbeidet framleis vorte gjort over telefon, mens andre gongar har eg kunna møte menneske fysisk.

Eg er svært takksam for at eg får vera i ein posisjon der eg kan utgjera ein positiv skilnad i andre menneskes liv.

Diakonmedarbeider

Marianne Hjortland

Arna og Ytre Arna kyrkjekor

Året 2021 har for korsongarar vore eit vanskeleg år, spesielt vårhalvåret. Om dei første seks månadane kunne ein vere freista til seie som Dronning Elizabeth, «annus horribilis», eit forferdeleg år. Korona-restriksjonane sto i kø og dei vart forandra stadig vekk. Så planlegging var ganske umogleg. Etter samråd med dirigent og kormedlemmer vart det bestemt at kora tok pause til hausten. Den 10. juni hadde kora ei sosial samling med litt å bita i, for å markera at vårsemesteret var slutt.

Hautsemesteret starta med styremøte og øving torsdag 2. september og vart avslutta torsdag 9. desember. Me hadde 10 øvingar i perioden. Fem som prosjektkor til Adventskonserten.

Felles styre 2021

Leiar: Alice Bjørnestad
Nestleiar: Kirsti Rolland
Kasserar: Marianne Fanebust (Kyrkjekontoret. Ho fører rekneskapen for kora.)
Skrivar: Tor Nævdal
Servering: Egil Vestbøstad. Er flytta til Stavanger.
Styremedlem: Randi Daae Stordal
Varamedlem: Ingrid Velure

Oppdrag haust

Gudstenester: Arna kyrkje 19. september, 31. oktober.

Arna kyrkjelydshus: Temakveld, 7. oktober.

Adventskonsert 2. desember

Medverkande: Prosjektkor med Arna og Ytre Arna kyrkjekor, Victoria Hop og Cathrine Snipsøyr – song, Thomas Nøklung – Saxofon, Sigurd Steinkopf – trommer, Øystein Høyenes – bass. Kantor Olav Arne Steinkopf – musikalsk leiar.

Kora hadde ved årsskiftet 18 aktive medlemmer.

Dirigent: Kantor Olav Arne Steinkopf.

Ytre Arna 27.01.2022

Tor Nævdal

/s/

Felles menighetsblad Åsane prosti

Årsmelding for Menighetsbladene i Åsane prosti.

Bladet har i 2021 hatt et opplag på 30.700, og det har vært 5 utgivelser, med et sidetall på 12 sider felles, og 8 sider lokalet for hver menighet.

Bladet distribueres fysisk til alle husstander og institusjoner i prostiet, og er også tilgjengelig på menighetene sine nettsider. I et år hvor corona har ført til at kirkene har hatt sterke begrensninger på hvor mange som kan delta på gudstjenester og andre samlinger, har menighetsbladet en viktig oppgave i å formidle kirkens budskap og opprettholde den fysiske kontakten med beboerne i prostiet.

Styret har hatt 5 styremøter, fire av disse har vært digitale møter.

Styret arrangerte også et fellesmøte for redaksjonskomiteer og representanter for menighetsrådene i juni. Formålet var å orientere om driften, økonomiske utfordringer og hva ønskes menighetene med bladet. Menighetsrådene har hatt saken på dagsorden en tid. Arna og Ytre Arna har besluttet å trekke seg fra samarbeidet fra og med 2022.

Bladet har gått med underskudd de to siste årene, pga økte produksjonskostnader og reduserte annonseinntekter. Bladpengene og gaver fra leserne viser en hyggelig økning i 2021. Underskuddene tærer på egenkapitalen, og styret har etter innspill fra menighetsrådene vedtatt 4 utgivelser i 2022.

Jeg vil takke vår redaktør Magne Fonn Hafskor og alle gode bidragsyttere, og alle dere som bidrar økonomisk.

Jeg håper at dere har glede av bladet, og takker for bidrag og støtte.

Bjarte Flaten. styreleder

28. Årsstatistikk for Den norske kirke 2021

1 Opplysninger om soknet

| | | | |
|-----|---|---|---------------------------|
| 1.1 | Soknets kommunenummer 4601 | | |
| 1.2 | Fellesrådets navn BERGEN KIRKELIGE FELLESRÅD | Fellesrådets organisasjonsnummer 976994434 | |
| 1.3 | Soknets navn YTRE ARNA SOKN | Soknets organisasjonsnummer 976994426 | |
| 1.4 | Soknets adresse Lakslia 21 | Postnummer 5261 | Poststed INDRE ARNA |
| 1.5 | Navn skjemaansvarlig Benthe Vevle | E-post skjemaansvarlig bv467@kirken.no | Telefonnummer 41263065 |

2 Kirkelige handlinger

For føring av de kirkelige handlingene vil medlemsregisteret være et utgangspunkt for grunnlagstall.

| | Antall handlinger | |
|---|-------------------|-------------------------|
| 2.1 Hvor mange ble konfirmert i soknet? | 12 | |
| 2.2 Hvor mange kirkelige vielser ble utført i soknet? | 0 | Antall deltakere |
| 2.3 Hvor mange forbønnshandlinger for borgerlige inngåtte ekteskap ble utført i soknet? | 0 | |
| 2.4 Hvor mange kirkelige gravferder (jordpåkastelser) ble forrettet for soknets befolkning? | 22 | Antall deltakere 512 |
| 2.4.b ...Hvor mange av gravferdene ble forrettet i soknets kirke(r)? | 10 | |

3 Gudstjenester

3.A Antall gudstjenester og deltakere

| | Antall gudstjenester | Antall deltakere |
|---|----------------------|------------------|
| 3.A.1 Avholdt på søn- og helligdager? | 42 | 1175 |
| 3.A.2 Avholdt utenom søn- og helligdager? | 4 | 198 |
| 3.A.3 Totalt (sumfelt) | 46 | 1373 |

3.B Fordel totalt antall gudstjenester på nytt, etter hvilket sted de foregikk

| | Antall gudstjenester |
|---|----------------------|
| 3.B.1 i soknets kirke(r)? | 45 |
| 3.B.2 på institusjon i soknet? | 0 |
| 3.B.3 på et annet sted, verken i soknets kirke(r) eller på institusjon i soknet? | 1 |
| 3.B.4 Totalt antall gudstjenester (NB!! Summen skal være lik 3.A.3) | 46 |

3.C Hvor mange av følgende typer gudstjenester ble gjennomført?

| | Antall gudstjenester | Totalt antall til nattverd | Totalt antall til skriftemål | Totalt antall deltakere |
|---|----------------------|----------------------------|------------------------------|-------------------------|
| 3.C.1 Gudstjenester med nattverd | 21 | 301 | | |
| 3.C.2 Gudstjenester med skriftemål | 0 | | | |
| 3.C.3 Hovedgudstjenester særlig tilrettelagt for barn | 3 | | | 139 |
| 3.C.4 Gudstjenester særlig tilrettelagt for ungdom | 3 | | | 154 |
| 3.C.5 Gudstjenester særlig tilrettelagt for barnehagebarn | 0 | | | |
| 3.C.6 Gudstjenester særlig tilrettelagt for skoleelever | 0 | | | |
| 3.C.7 Gudstjenester med dåp | 8 | | | 254 |
| 3.C.8 Konfirmasjonsgudstjenester | 3 | | | 219 |

| | | | |
|--|--------------------------------|--|----------------------------------|
| 3.C.9 Julaftensgudstjenester | <input type="text" value="2"/> | | <input type="text" value="110"/> |
| 3.C.10 Gudstjenester i påsken | <input type="text" value="0"/> | | <input type="text"/> |
| 3.C.11 Gudstjenester Kristi Himmelfartsdag | <input type="text" value="0"/> | | <input type="text"/> |
| 3.C.12 Gudstjenester i pinsen. | <input type="text" value="1"/> | | <input type="text" value="27"/> |
| 3.C.13 Gudstjenester med samisk innslag | <input type="text" value="0"/> | | <input type="text"/> |
| 3.C.14 Allehelgensgudstjenest | <input type="text" value="1"/> | | <input type="text" value="55"/> |
| 3.C.15 Økumeniske gudstjenester | <input type="text" value="0"/> | | <input type="text"/> |
| 3.C.16 Temagudstjenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon | <input type="text" value="0"/> | | <input type="text"/> |

3.D Felles gudstjenester

| | | | |
|--|---|---|----------------------------------|
| Ble det arrangert felles gudstjeneste(r) med andre sokn? | <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei | Antall gudstjenester <input type="text"/> | Antall sokn <input type="text"/> |
|--|---|---|----------------------------------|

4 Kontakt med barnehage og skole

4.A Besøk i kirken utenom gudstjeneste

| | | Antall besøk (ikke personer) | |
|----------------------|---|--------------------------------|--|
| 4.A.1 Av barnehage | <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei | <input type="text" value="2"/> | Antall avdelinger <input type="text" value="2"/> |
| 4.A.2 Av skoleklasse | <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei | <input type="text"/> | Antall klasser <input type="text"/> |

4.B Besøk av prest, kateket, trosopplærere eller annen menighetsarbeider?

| | | Antall besøk (ikke personer) | |
|---------------------|---|------------------------------|--|
| 4.B.1 I barnehage | <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei | <input type="text"/> | Antall avdelinger <input type="text"/> |
| 4.B.2 I skoleklasse | <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei | <input type="text"/> | Antall klasser <input type="text"/> |

4.C Drev menigheten barnehage?Hvor mange barnehager ble drevet i menighetens regi?

Dette gjelder barnehager som Den norske kirke/menigheten eller fellesrådet driver, eller hvor menigheten er inne som eier, sitter i stiftelsen og lignende, og som menigheten betrakter som "sin barnehage".

| | | Antall barnehager | Totalt antall barn |
|-------|---|--------------------------------|---------------------------------|
| 4.C.1 | <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei | <input type="text" value="1"/> | <input type="text" value="11"/> |

5 Diakoni

| | |
|---|---|
| 5.1 Har menigheten vedtatt lokal diakoniplan? | <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei |
|---|---|

6 Ulike tilbud til barn og voksne

I delene (6-9) skal det føres opplysninger om virksomheten som menighetsrådet, de ansatte og/eller prestene har ansvar for, og som inngår i menighetsrådets planer og rapporter. Dersom flere sokn samarbeider om et tiltak/tilbud, skal det føres i ett sokn. Hovedregelen er at det skal føres i soknet hvor aktiviteten fant sted.

6.A Tilbud til barn 0-12 år

Her føres opplærings- og diakonale tilbud til ungdom i alderen 0-12 år. En person registreres kun en gang. Siden oppmøtet kan variere fra gang til gang kan det gis et anslag på hvor mange barn (unike personer) som benytter seg av tilbudet i løpet av året.

| | | Samarbeid med andre sokn | Antall tilbud | Antall deltakere |
|---|---|---|--------------------------------|---------------------------------|
| 6.A.1 Arrangerte menigheten <u>babysang</u> eller <u>småbarnsang</u> for barn 0-5 år? | <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei | <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei | <input type="text" value="1"/> | <input type="text" value="11"/> |
| 6.A.2 Drev menigheten søndagsskole? | <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei | <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei | <input type="text" value="1"/> | <input type="text" value="7"/> |
| 6.A.3 Dersom ditt sokn hadde ansvar for et samarbeidsarrangement, vennligst spesifiser hvilke sokn det gjelder: | <input type="text"/> | | | |

6.B Tilbud til unge 13-17 år

Her føres opplærings- og diakonale tilbud til ungdom i alderen 13-17 år. Konfirmanter kan telles med dersom det ikke er en del av den ordinære konfirmantundervisningen. Siden oppmøtet kan variere fra gang til gang kan det gis et anslag på hvor mange unge (unike personer) som benyttet seg av tilbudene i løpet av året.